



## Behovsvurdering Leiknes skule, nærmiljøanlegg

Anleggsnummer; 75703 og 75704

Prosjektet består av tilrettelegging terreng, leikeappart, hinderløype og sykkelbane på uteområdet til Leiknes barneskule.

Skulen har om lag 200 elevar og ligg i ein krins i sterk vekst, om lag 5 minuttars kjøring frå regionsenteret Knarvik. Sjølve skulebygningen er dei seinare åra påbygd fleire gonger, men det har ikkje vore gjort noko på uteområda/utandørs aktivitet. Det pågår jamn bustadbygging i krinsen, så folketal/elevtal er venta å auka i åra framover.

I tillegg ferdigstilte kommunen i 2015 fleirbukshallen «Storstova» som har ført til auka tilstrøyming av barn og unge på kveld og helg. For å skaffa areal til hallen, vart i tillegg eksisterande ballplass i grus noko redusert i storleik. Samla sett er difor behovet for utvida aktivitetstilbodet utandørs stort. I tillegg er det behov for aktivitet som rettar seg mot dei litt eldre barna.

Nærmiljøanlegga i søknaden vil fungera både som leikeareal for barneskulen og aktivitetsområde for barn på kveld og helg.

Atle Vaage

Fagleiar idrett og grønt, Lindås kommune